

ÅRSMELDING 2022

HELSE FØRDE HF
Org.nr. 983974732

INNLEIING

Helse Førde HF og Helse Vest sin visjon er å fremje helse, meistring og livskvalitet. For å oppfylle visjonen skal Helse Førde tilby trygge og nære spesialisthelsetenester av høg kvalitet til innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Minus Gulen og Hornindal, som no høyrer til Møre og Romsdal fylke, er dette føretaket sitt opptaksområde.

Hovudoppgåver som helseføretaket skal legge til rette for, planleggje, organisere og fremje, er:

- pasientbehandling
- opplæring av pasientar og pårørande
- utdanning av helsepersonell
- forskning

Ansvar og oppgåver er tufta på helseføretakslova, spesialisthelsetenestelova, helselovgjeving om psykisk helsevern, lov om pasientrettar og anna lovgjeving som omtalar krav og føringar for verksemda. Den årlege drifta av føretaket vert gjort i samarbeid med eigar Helse Vest RHF. Gjennom styringsdokument og føretaksmøte set Helse Vest RHF rammer og krav for drifta av føretaket kvart år.

Helse Førde søkjer å løyse si samfunnsoppgåve gjennom samarbeid med:

- primærhelsetenesta og brukarane for å sikre eit heilskapleg helse- og sosialtilbod
- Helse Vest og dei andre føretaka, samt institusjonar og spesialistar vi har avtale med
- kommunar, fylkeskommunen og statlege organ
- universitet, høgskular og andre relevante institusjonar, samt næringslivet gjennom innovasjon

Føretaket si verksemd er fordelt på mange stadar i opptaksområdet vårt. Hovudkontoret er i Førde. Helse Førde HF er 100 prosent eigd av Helse Vest RHF med hovudkontor i Stavanger.

VERKSEMDA

Helse Førde HF yter helsetenester innan somatiske fagområde, psykisk helsevern og behandling av rusavhengige i opptaksområdet. Føretaket er økonomisk ansvarleg for pasientar busette i opptaksområdet, også om dei får behandling utanfor vårt opptaksområde. Helseføretaket har ansvar for å drifte ambulansetenesta i opptaksområdet, og for den medisinske delen av redningshelikopterbasen i Florø. For å ta i vare oppgåvene, har Helse Førde verksemd fordelt på mange ulike plassar. Førde sentralsjukehus er traumesjukehus, medan dei to somatiske lokalsjukehusa har tilpassa akuttfunksjon (indremedisin og skadepoliklinikk). Større traume går til Helse Bergen/Haukeland universitetssjukehus i tråd med regional avtale. Private avtalespesialistar gir

eit tilbod innan nokre område, som auge, øyre-nase-hals og psykisk helsevern, og det er inngått avtaler med desse.

Helse Førde har oppnådd gode resultat innanfor hovudoppgåvene til føretaket. Kvaliteten på tenestene er god, men ventetider er høgare enn målet innanfor enkelte fagområde. I høve til økonomisk utvikling har føretaket eit meirforbruk samanlikna med budsjett. Både fag og økonomi er påverka av effektar knytt til pandemien, høgare sjukefråvær enn normalt, innføring av mange store IKT program og organisasjonsprosjekt.

Administrerande direktør vil presisere at det er nødvendig å skape varige positive resultat for å kunne gjennomføre nødvendige investeringar i bygg, medisinsk-teknisk utstyr og IKT-løysingar, som samla legg til rette for god og effektiv pasientbehandling. Det pågår derfor eit kontinuerleg arbeid med å endre og tilpassa drifta.

Pasientbehandling

Helse Førde leverer godt på mange område når det gjeld kvalitet på tenestene i 2022. Den største overordna utfordringa var knytt til tilgjengelegheit på elektiv helsehjelp, spesielt knytt til dei kirurgiske faga, psykisk helsevern for born og ungdom (PBU), og nokre medisinske fag (nevrologi og hud). Innan kirurgi var utfordringane relatert til forskyving av helsehjelp frå pandemien, medan innan hud og PBU var det meir knytt til mangel på fagleg spisskompetanse. Dette gav auke i ventetider og fristbrot innan dei respektive fagområda. Helse Førde samarbeidde godt både med kommunane i opptaksområdet vårt og dei andre føretaka i Helse Vest.

Opplæring av pasientar og pårørande

Helse Førde gir lærings- og meistringstilbod som opplæringstilbod gjennom ulike kurs og tilrettelagde tilbod for brukarar og deira pårørande/nærpersonar. Lærings- og meistringstilboda famnar breitt og er aktuelle i alle delar av helsetenesta, frå førebygging til rehabilitering. Tilboda omfattar alt frå individuell pasient- og pårørandeopplæring til likepersonarbeid og ulike typar gruppetilbod, og er retta mot personar i ulike livsfasar og med ulike helseutfordringar. Målet er at auka kunnskap og erfaringsutveksling skal gjere brukarar betre i stand til å ta medvitne val i høve til eigen sjukdom og livssituasjon. Lærings- og meistringssenteret gir tilbod på alle lokasjonar.

Utdanning av helsepersonell

Utdanning blir stadig viktigare for både å rekruttere og halde på kompetanse. Helse Førde har årleg om lag 800 studentar, elevar og lærlingar i praksisstudiar. Utdanningsoppgåva blir løyst i samarbeid med utdanningsinstitusjonane. Utdanningsoppgåvene involvere nær alle avdelingar og lokasjonar. Det vert lagt til rette med eigne innføringsprogram og vidare organisering og rettleiing gjennom studieløp/lærlingetid for at den einskilde på ein god måte skal nå sine læringsmål og komme vidare med utdanninga.

Føretaket deltek i det regionale arbeidet med strategisk kompetanseplanlegging som teke føre seg prioriterte grupper, og legg til rette for vidareutdanningar, mellom anna ved utdanningsstipend. Det er per no særleg fokus på vidareutdanning innan nokre fagområde for sjukepleiarar (m.a. intensiv, operasjon, anestesi, kreft, barn og føde). Føretaket har ansvar for utdanning av legar i spesialisering

(LIS), og har til ei kvar tid fleire i løpet til LIS 1 og LIS 2/3. Det er eit nasjonalt mål å auke tal lærlingar, og især innan helsefag. Helse Førde har etablert eiga ordning for helsefaglærlingar.

Forsking

Helse Førde har trappa opp forskingsaktiviteten dei siste åra gjennom målretta arbeid utfrå vedteken strategi og handlingsplan. Dette har gitt resultat i form av fleire forskarar og auka tildeling av eksterne forskingsmidlar. Føretaket har også etablert og styrkar gradvis arbeidet med innovasjon.

Utvikling

Arbeidet med realisering av gjeldande utviklingsplan for Helse Førde skjer i regi av utviklingsprogrammet «Pasientens helseteneste.» Programmet har mange ulike teneste-/organisasjonsutviklingsprosjekt som skal utvikle framtidens tilbod. Særleg aktuelt er nye driftsmodellar som skal vere klar før innflytting i Livabygget hausten 2024. Føretaket og kommunane er i gang med å revidere samhandlingsavtalar. Forøvrig er digitalisering, både internt og i pasientkontakten, og innføring av nye IKT-løysingar eit særleg fokusområde. Føretaket innførte ny journalløysing DIPS Arena i 2022, som har fleire integrasjonar mot andre system. Digitale helsetenester og utvikling av meir heimebaserte tilbod har vore under utprøving og innføring i 2022.

AKTIVITET

Aktivitet somatisk verksemd

Dei somatiske avdelingane hadde ein reduksjon frå 15 284 døgnopphald i 2021 til 14 828 opphald i 2022, som er ein nedgang på 3,0 prosent. Tilsvarande var det ein nedgang på tal dagbehandlingar frå 6 209 i 2021 til 5 943 i 2022. Dette er ein reduksjon på 4,3 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar med rett til refusjon hadde ein nedgang frå 132 278 i 2021 til 128 560 i 2022, som er ein reduksjon på 2,8 prosent. Samla DRG-poeng i samsvar med eigaransvaret i sjukehusa våre i 2022 vart 27 177 poeng. Dette er ein nedgang på 0,9 prosent samanlikna med 2021. DRG-årsproduksjon var då på 27 423 poeng.

Aktivitet psykisk helsevern og spesialisert behandling av rusavhengige

Psykisk helsevern for vaksne hadde ein auke frå 702 døgnopphold i 2021 til 771 opphald i 2022. Oppgangen er på 9,8 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar med rett til refusjon auka frå 22 410 i 2021 til 24 611 i fjor. Dette er ein auke på 9,8 prosent. Samla DRG-poeng i samsvar med eigaransvaret i sjukehusa våre i 2022 vart 4 453 poeng. Dette er ein auke på 28,3 prosent samanlikna med 2021 då årsproduksjon var på 3 472 DRG-poeng. Ein del av veksten er på grunn av endra vektning av DRG-poeng mellom vaksne og barn.

Psykisk helsevern for born og unge hadde ein auke frå 90 døgnopphald i 2021 til 116 opphald i 2022, som er ein oppgang på 28,9 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar med rett til refusjon auka frå 18 221 i 2021 til 18 613 i 2022. Dette er ein auke på 2,2 prosent. Samla DRG-poeng i samsvar med eigaransvaret i 2022 vart 5 202 poeng. Dette er ein reduksjon på 14,4 prosent samanlikna med 2021 då DRG-årsproduksjon var på 6 079 DRG-poeng. Nedgang i tal DRG-poeng skuldast endra vektning av DRG-poeng mellom vaksne og barn.

Tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengige hadde ein auke frå 174 døgnopphald i 2021 til 206 opphald i 2022, som er ein oppgang på 18,4 prosent. Tal polikliniske konsultasjonar med rett til

refusjon auka frå 2 517 i 2021 til 2 556 i 2022. Dette er ein auke på 1,6 prosent. Samla DRG-poeng i samsvar med eigaransvaret i sjukehusa våre i 2022 vart 453 poeng. Dette er ein auke på 5,1 prosent samanlikna med 2021 då DRG-årsproduksjon var på 431 DRG-poeng.

ARBEIDSMILJØ OG MEDARBEIDARAR

Helse Førde har eit kontinuerlig fokus på forbetring av arbeidsmiljøet. Føretaket gjennomfører årleg arbeidsmiljøundersøkinga «ForBetringsundersøkinga», og hadde i 2023 ein svarprosent på 76,3 prosent, som er ein auke frå 71 prosent i 2022. Det er grunn til å tru at covid-pandemien var skuld i den lågare svarprosenten for 2022. Tilbakemeldingane i denne undersøkinga er eitt av fleire verktyø for leiarane brukar til å utarbeide handlingsplan for forbetring av arbeidsmiljøet, i samarbeid med tillitsvalde, verneombod og tilsette. Helse Førde har også fokus på inkludering i arbeidet med å forbetre arbeidsmiljøet. Det er, i tillegg til Føretaksarbeidsmiljøutvalet (FAMU), etablert lokale arbeidsmiljøutval (AMU) i medisinsk klinikk, kirurgisk klinikk, psykisk helsevern, drift og eigedom og stabsområdet.

Føretakstillitsvalde og føretakshovudverneombod deltek i månadlege informasjons- og drøftingsmøter med administrerande direktør. Helse Førde har månadlege stillingsutval, der leiing, tilsette og verneombod er representert. Tematikk som stillingsprosent, kjønnsbalanse og inkluderande rekruttering vert handtert i dette forumet.

Helse Førde har vedteke ein eigen rekrutteringsstrategi og eige måldokument for 2023 for Likestilling, Inkludering og Mangfald.

Sjukefråvær

Samla sjukefråvær i Helse Førde i 2022 var 7,6 prosent. Sjukefråværet året før var på 6,9 prosent. Auken er stort sett knytt til pandemien, og føretaket arbeider kontinuerleg og systematisk for å få ned fråværet. Helse Førde har mellom anna tatt i bruk arbeidsmetodikken «Der skoen trykker» i to avdelingar.

Skader og ulykker

Helse Førde bruker avvikssystemet Synergi der tilsette registrerer avviksmeldingar innan kvalitet, drift, pasienthandsaming og arbeidsmiljø. Føretaket har intern bedriftshelseteneste (BHT) der tilsette kan ta kontakt grunna skade og sjukdom påført under arbeid. Laboratoriet i sjukehuset følgjer opp stikkskader med kontrollar. Ikkje all sjukdom og skade som vert påført gjennom arbeidet blir godkjent av NAV som yrkesskade eller yrkessjukdom.

Alvorlege arbeidsuhell er ikkje rapportert i 2021 eller 2022.

LIKESTILLING, INKLUDERING OG MANGFALD

Helse Førde har utarbeidd ei eiga erklæring på likestilling og diskriminering. Denne omhandlar faktisk tilstand i verksemda når det gjeld kjønnslikestilling og korleis ein arbeider for å oppfylle aktivitetsplikta etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26. Erklæringa er handsama som ei eiga styresak i føretaket og er publisert på helseføretaket si nettside.

OPENHEITSLOVA

Openheitslova som tok til å gjelde 1. juli 2022, skal fremme verksemd si respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Helse Førde er omfatta av lova og har eit pågåande arbeid med å implementere krava i den. Helse Førde vil publisere ei erklæring for samfunnsansvar på helseføretaket si nettside innan 30.06.2023 . Helse Vest RHF har etablert eit regionalt nettverk for implementering av openheitslova som Helse Førde er ein del av. Sjukehusinnkjøp HF og Sjukehusbygg HF er deltakarar i nettverket for å ivareta behovet for samhandling i arbeidet med aktsemdvurderingar.

MILJØRAPPORTERING


Helse Førde vart miljøsertifisert etter ISO 14001:2015 i 2021, men har no valt å gå vekk frå ekstern sertifisering. Det arbeidast etter rammeverk for klima- og miljø i spesialisthelsetenesta, noko som inneber at ein framleis arbeider etter krava i ISO-standarden. For å sikre at praksisen for miljøstyring er i tråd med styringsdokument følgjer føretaket revisjonsplanen som er utarbeidd av det nasjonale samarbeidsutvalet Grønt sjukehus.

Figuren viser nasjonale miljømål for spesialisthelsetenesta som Helse Førde arbeider for å nå ved hjelp av overordna tiltak og miljøhandlingsplanar ute i einingane. I tillegg til å arbeide mot felles miljømål har også Helse Førde fokus på avfallshandtering og gjenbruk. Årleg vert det rapportert på spesialisthelsetenesta sine felles indikatorar og klimarekneskap for å halde kontroll på utviklinga. Helse Førde har ein eigen rådgjevar for miljø og samfunnsansvar som deltek i det regionale nettverket for klima og miljø.



Figur 1: Spesialisthelsetenesta og Helse Førde sine miljømål 2022-2030.

Det har vorte gjort endringar i miljøstyringssystemet mellom anna for å sikre at aktivitetar i ISO-standarden gjennomførast regelmessig og at føretaket lagrar naudsynt dokumentasjonen på rett plass. For 2023 kjem etter alt sannsyn «Rammeverk for klima og miljø i spesialisthelsetjenesten» til å bli erstatta av «Spesialisthelsetjenestens rammeverk for samfunnsansvar». I klimarekneskapen rapporterer føretaket på direkte utslepp. Grafen under viser resultat av klimarekneskapen. Det er 2019 som er rekna som referanseår, og målsettinga er ein reduksjon på 40 prosent innan 2030. Per 31.12.22 har Helse Førde klart ein reduksjon på 11,9 prosent.



Figur 2: Helse Førde sitt klimautslepp 2018-2022.

Energibruk

Helse Førde sine sjukehus hadde eit totalt straumforbruk på 22.544.648 kWh i 2022. Det er en graddagsjustert nedgang på 542.000 kWh fra 2021. Det er utarbeidd ein femårsplan for kvar avdeling som omhandlar tiltak og investeringar for energisparing. Dei største prosjekta som er gjennomførte er nye energisentralar med varmepumper i Lærdal og Sogndal, attvinningsanlegg på kjølesystema i Førde og modernisering av ein del ventilasjonsanlegg. Ambisjonen har vore å spare 4 600 000 kWh på fem år. Samla reduksjon i frå 2017 til og med 2022 er på 2.742.000 kWh, som er om lag 12 prosent.

Dei viktigaste enøk-tiltaka i 2022 har vore ny varmepumpe i Sogndal, nytt kjøll og frys-anlegg i Lærdal med attvinning, utviding av attvinningsanlegget i Førde og utskifting av Sentral driftskontroll (SD-anlegget) på Eid og i Førde. Elles har det vore skifta ein del vindauge, montert LED-lys og modernisert eldre ventilasjonsanlegg.

Fokusområde i 2023 er å skifte til nytt SD-anlegg på Tronvik og bytte ventilasjonsanlegget på kjøkkenet. Det er og planar om installasjon av varmepumpe. Vi skal modernisere to eldre ventilasjonsanlegg i Lærdal samt en del utskifting av lysarmatur.

FRAMTIDIG UTVIKLING HELSE FØRDE

Føretaket budsjetterer med eit resultat på 0 kroner i 2023. I økonomisk langtidsplan for 2023-2027 var planlagt resultat for 2023 21 millionar. Dei økonomiske rammevilkåra vart i 2022 vesentleg strammare som følgje av høgere inflasjon og lønnsutvikling enn budsjettert, samt at pandemien og høgt sjukefråvær medfører auka kostnader. Då styret handsama budsjettet for 2023 vart derfor resultatkravet tatt ned til kroner 0, noko som har redusert investeringsevna til føretaket. I ettertid har regjeringa signalisert at ein vil auke budsjetta for sjukehusa i Norge og Helse Vest har derfor starta ein prosess med å revidere resultatkravet for 2023. Signala er likevel at dei økonomiske rammevilkåra vil vere stramme. Helse Førde vil derfor fortsette arbeidet med å normalisere drifta i forhold til før pandemien, og må gjennomføre kutt i drifta.

I 2022 har føretaket arbeidd med mange prosjekt for å betre og tilpasse pasientforløp og pasientbehandlinga. Arbeidet vart i hovudsak organisert som underdelar av programmet «Pasientens helseteneste». Programmet, som vart oppretta i 2016, dannar grunnlag for å utvikle spesialisthelsetenester i vårt opptaksområde og investeringar i samband med det. Det er i 2022 gjort mykje arbeid innan organisasjonsutvikling og investert mykje i utstyr og bygningsmasse for å sikre drifta framover. Arbeidet med å sikre pasienttryggleik og kvalitet held fram også i 2023.

Ved inngangen til 2023 er spesialisthelsetenesta framleis prega av pandemien. Vi må vente stort press på tenestene i sjukehusa også gjennom 2023. Førsteprioritet er til kvar tid å gje pasientane god behandling, ha rett og nok bemanning og utstyr. Samhandling har vore og vil framleis vere ein føresetnad for å yte så gode tenester som råd til innbyggjarane. Dette gjeld både internt mellom leiinga, tillitsvalde og verneombodet, samt på tvers av dei ulike einingane og fagmiljø. Vidare vil god samhandling mellom føretaka i Helse Vest, primærhelsetenestene og styremaktene vere ein føresetnad for å gje så gode tenester som råd innanfor dei økonomiske rammene føretaket har.

Framleis drift

Styret stadfestar at føresetnaden for framleis drift er til stades i samsvar med paragraf 3-3 i rekneskapslova. Helse Førde må i 2023 nytte kassekreditten for å gjennomføre vedtekte investeringar, og er i dialog med Helse Vest om finansiering. Staten har gjeve 100 prosent driftsgaranti for helseføretaka. Helseføretakslova paragraf 5 seier at det ikkje kan opnast konkurs i helseføretaka. Etterspurnaden etter helsetenester vil ikkje verte mindre framover, både som resultat av demografiske tilhøve og nye behandlingstilbod. Verksemda har såleis eit godt fundament for framtidig aktivitet, også sett i lys av at gjeldande pasientlovgeving gjev pasientane rett til helsehjelp innan gjevne fristar.

Det er ikkje teikna styreansvarsforsikring for styremedlem og dagleg leiar.

REKNESKAPEN

Omsetnaden i Helse Førde var 3,3 milliardar kroner i 2022. Driftsresultatet var positivt med 7,4 millionar. Resultatet etter finanspostar var positivt med 3,6 millionar kroner. Det er 26,4 millionar svakare enn resultatkravet på 30 millionar. Hovudårsaka er dei økonomiske effektane knytt til pandemien, sjukefråvær, innføring av store IKT løysingar og utviklingsprosjekt.

Drifta av føretaket gav ein positiv kontantstraum på 217,0 millionar kroner. Utover dette hadde føretaket negativ kontantstraum på 418,3 millionar på investeringsområdet. Det er ein positiv kontantstraum frå finansaktivitet på 202,4 millionar. Samla gav dette ein positiv kontantstraum på 1,2 millionar.

Ved utgangen av året hadde føretaket likviditetsreserve på 481,2 millionar som fordelar seg med 7,7 millionar i likvide midlar og 473,5 millionar i unytta trekkramme.

Totalkapitalen var ved utgangen av 2022 er på 2,87 milliardar kroner mot 2,65 milliardar kroner per utgangen av 2021. Eigenkapitalen per 31.12.2022 er 1,20 milliardar, som er 41,8 prosent av totalkapitalen. I 2021 var eigenkapitalen 1,20 milliardar, som var 45,3 prosent av totalkapitalen per 31.12.2021.

Framlegg til disponering av overskotet

Styret foreslår at overskot for året på 3.556.316 kroner vert overført til annan eigenkapital.

Førde 28.03.2022

Styret for Helse Førde HF

Ole Gunnar Krakhellen
styreleiar

Anne Sissel Faugstad
nestleiar i styret

Reidar Sandal
styremedlem

Aud Ingrid Espeland
styremedlem

Marit Hermansen
styremedlem

Thomas Vingen Vedeld
styremedlem

Ivar Eriksen
styremedlem

Randi Aven
styremedlem

Lena Thorsnes
styremedlem

Kari Sunde Kvile
styremedlem

Torfinn Heggland
styremedlem

Arve Varden
dagleg leiar